



# Haugaland Avløysarlag

Medlemsskriv nr 03/17

September 2017

## Søknad om avløysartilskot oktober 2017

Her er kontoutskrifta med alle utgifter t.o.m. lønna som gjekk ut i september 2017. Dessverre har me ikkje fått alle tal for bevilga i tilskot for 2017, og det ser heller ikkje ut som at me får det i år. Derfor står dette feltet tomt på kontoutskrifta. Dette synes me ingenting om, men det er altså ikkje oss det står på!

Men talet for tilskot i år vil komma opp når du registrerer dyretal, så alle må notera seg dette. Me kan dessverre ikkje rekna ut for kundene i år, ettersom me ikkje får desse tala. **Uansett må alle søkja om avløysartilskot nå. Skriv opp det talet som står på «benyttet hittil» på kontoutskrifta. Har du ikkje brukt noko til nå, så skriv du 0 i rubrikken!!** Det er veldig viktig at det står noko denne gongen, ellers kan du ikkje føra på resten i neste søknadsomgang, etter det me har fått opplyst. Altså: Skriv enten 0 eller det du har brukt til nå i denne søknaden, og så fører du på resten i januar.

## Pålagt å betala for overtid

Ifølge Arbeidsmiljølova er det pålagt å betala minst 40 % tillegg for alt overtidarbeid, enten det er frivillig eller pålagt overtid. Heretter ber me om at alle fører opp overtidstimar i rubrikken på timelistene når arbeidstakaren har jobba **over 9 timar på ein dag, eller 40 timar på ei veke**. Har det i slåtten blitt f. eks 11 timar på ein dag, skal det stå 2 timar i rubrikken for overtid i tillegg til 11 timar ordinært. Så blir det utbetalt 40 % ekstra for overtidstimane, likt som for helg. **Frå nå av vil me betala overtid for alt som er over 9 timar pr dag eller 40 timar pr veke på timelistene, uansett om det står overtid eller ikkje.** Moralen må vera: Unngå overtid så sant det lar seg gjera!

## Arbeidsavtale og avtale for oppdragsgivar

Det har med tida komme ein del nye krav til kva som skal stå i ein arbeidsavtale. Me ber difor om å få inn denne nye avtalen frå ALLE tilsette, som ikkje har levert denne frå før. Me har sendt den på e-post tidlegare til alle som har det, så til dei blir dette ei påminning for dei. Til dei utan e-post vil den ligga ved i dette brevet. Hugs å fylla ut alle felt med X framfor! Mange må bruka eit visst skjønn her, så skriv så nært opptil det du trur når det gjeld f.eks. stillingsprosent.

**Og husk at alle nye må senda inn arbeidsavtale før me kan betala ut lønn !**

Så er det avtale for oppdragsgivar. Me har sendt den og tidlegare, men det er nok ikkje alle som har returnert den til oss. Me ber om at det blir gjort nå. Begge desse dokumenta, og mange andre aktuelle, ligg ute på heimesida vår

[www.haugaland-avløysarlag.no](http://www.haugaland-avløysarlag.no)

## HMS på gardar og arbeidsplasser

Me vil igjen minna alle på at ein har eit stort ansvar ved å ha folk i arbeid. Hugs på at du gir alle god opplæring i alle arbeidsoppgåver dei skal gjera, - FØR dei startar! Og ikkje gløym å dokumentera opplæringa skriftleg! Skjema for dette er sendt til alle før, og det ligg og ute på heimesida vår. Det skal stå i KSL-permen på garden eller i internkontrollen.

Me minner og om at alle skal føreta risikoplaner av dei ulike oppdrag på garden eller i bedrifta, - ta gjerne dei som jobbar for deg med i dette arbeidet.

Og alle SKAL ha ein arbeidsplan over kva tid dei skal på jobb. Den treng ikkje me (bortsett frå ved evt. sjukemelding) men den skal føreligga mellom arbeidstakar og oppdragsgivar.

## Verneombud og vernerundar

Her i Avløysarlaget har me mange oppdragsgivarar, og mange plasser der me har folk ute på jobbar.

I samarbeid med verneombudet for dei tilsette, skal me framover ta ein del besøk og gå vernerundar rundt på gardar og besrifter. Me håpar alle tar godt imot dei som kjem!

*Ha ein fin haust!*

*Helsing Avløysarlaget, Gudveig og Marianne*